



Notat

Til:

Saksbehandler: Rådmann/stab/Kristin Nåmdal
Vår referanse: 17/2271 - 1 / FE - 141, FE - 142
Dato: 25.10.2017

Emne: Referat frå møte med Meland golf og naturpark

Til stades: Lars Barstad, Helge Ulven, Rune Mjøs, Øyvind Oddekalv, Martin Kulid, Kristin Nåmdal og John Fredrik Wallace

Tema for møte:

Meland kommune skal rullere kommuneplanen sin arealdel på deltema. Eit av tema er reiselivsrelatert næringsutvikling, Meland golf og naturpark. Administrasjonen kalla inn til eit møte for å drøfta kva planer Meland golf og naturpark har om utviklinga av området. Vi ville og orientere om prosessen med planarbeidet, og kva vurderinger kommunen må gjere i høve til planlegging av området.

- **Eigedomtilhøve**

Kvar er Meland golf i høve drøftingane med mellomanna Hordaland fylkeskommune i forhold til eigedomstilhøve? Hordaland Fylkeskommune er eigar av anlegget i dag. Meland golf ynskjer å kjøpe dette området. Det er teke takst på området. Det er Fylkestinget i Hordaland som avgjer eit eventuelt sal og salgsum. Saka er venta å kome opp i Fylkestinget før jul.

- **Meland golf og naturpark sine utviklingsplaner**

Kva er det Meland golf ynskjer i området? Vi drøfta Meland golf sine planer og kor langt dei er kome i prosessen med å planlegge området. Meland golf baserer seg på dei same skissene som har vore tema tidlegare i prosessen. Det er planlagt boliger, hotell, båttilbod og tenestetilbod som barnehage. Meland golf vil og utvikle deler av området til naturpark.

- **Framdrift**

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Meland kommune ber om at Meland golf og naturpark sender eit skriftleg innspel til planprogrammet som er ute på høyring innan fristen.
Kommunen vil vurdere innspelet etter tema som skal konsekvensutgreiast i området.

Referent

Kristin Nåmdal

Kopi til: